



Bømlo FrP vil:

- Jobbe for å fjerne/reducere eigedoms-katten
- Kutte i ikkje lovpålagde tenestar og oppgåver.
- Sikre hurtigbåttilbodet og styrke kollektivtilbod
- Jobbe for «Ja til spreidd bebygging i hele kommunen».
- Vidareutvikle og styrkje lokalsentrane.
- Jobbe for effektivisering og kvalitet i kommunale tenestar.
- Ha ein god integrering av busette flyktningar i heile kommunen.
- Sentrumsplanen må på plass for å kunne vidareutvikle sentrum.
- Arbeide for å tilby alle eit godt utdanningstilbod, slik at endå fleire får fullført grunnskule og vidaregåande opplæring

Framstegspartiet vil at Bømlo skal være ein JA-kommune for næringslivet med stabile rammebetingelsar, og føre ein liberal næringspolitikk som sikrar ei rask og positiv saksbehandling.



Bømlo FrP sine kandidatar til kommunevalet 2023

1. ANNE T JOHANNESSEN
2. FRODE URANGSÆTER
3. STÅLE SAGVÅG
4. MARIANNE STEINSVÅG TOLLAKSVIK
5. STEINAR STEINSUND
6. GEORG LØNNING
7. DAVID VASSNES
8. TORLEIF HOLME
9. ELISABETH URANGSÆTER
10. ALEKSANDER BJØRNEVIK
11. JOSTEIN SØNSTABØ
12. HEINE MØGSTER
13. ARVID HAFNER
14. KARL EIDE
15. KASPER HOLME MÆLAND
16. TRYGVE SØVOLD

Foto/dronefoto: MOON media AS
Grafisk: MOON media AS & Marine Profile AS

Bømlo FrP

Me skaper ein enklare kvardag for folk flest

Skule

For oss er det viktig for å leggje til rette for eit godt samarbeid mellom skule og næringslivet på Bømlo.

- arbeide for at alle born får ein trygg og god skuleveg
- arbeide for eit fritt skuleval for elevar i vidaregåande skule
- arbeide for å tilby alle eit godt utdanningstilbod, slik at endå fleire får fullført grunnskule og vidaregåande opplæring

For FrP er det viktig å arbeide for å realisere planane for Våge skule, samt å få vatn og aktivitet tilbake i bassenget på Hillestveit skule.

Næringsliv

Me vil opprette fleire lære plassar innan dei kommunale ansvarsområda, og jobbe for eit tettare samarbeid mellom kommune og næringslivet.

Me ønskjer å være positive til utvikling i primære næringar som jordbruk, skogbruk, fiske og fangst. Og arbeide for å etablere eit reserve–ferjeleie for å styrkje beredskapen i kommunen.

Saman med næringslivet ønskjer me og utvikle ungdomsskuletomta.

- skatepark/aktivitetspark
- overnattingsmogelegheiter
- mogelegheiter for å ta imot turistbussar
- etablere restaurant og spise plasser
- få på plass nye attraksjonar

Me vil arbeide for å få ei betring i kollektivtilbodet i heile kommunen, og vi ønskjer å utvikle ein ny og tidsriktig strategi for tilflytting for heile Bømlo.

FrP ønskjer å arbeide for at både private og næringsliv har god tilgang på best pris på nok vatn og kraft. Men vi ønskjer ikkje å tilretteleggje for vind–kraft på Bømlo.

Helse og omsorg

Det er eit offentleg ansvar at alle får tilgang til naudsynte helse– og omsorgstenester når ein treng det.

FrP vil ha ei varm, verdig og valfri eldreomsorg der den einskilde sjølv skal bestemme over sitt eige liv.

Me vil:

- auke rammene for omsorgsløn til dei som vel å pleie sine sjuke og pleietrengjande heime.
- at Bømlo har tilstrekkeleg med kortidsplassar til avlastning for eldre der familie tar på seg omsorgsoppgåver,
- få til eit varig og godt dagtilbod til demente, og jobbe for å få på plass ordningar for "aktivitetsven" for unge demente,
- ha tilbod i kommunen til dei kronisk sjuke, og til dei som treng opptrening.
- ivareta tilbodet for psykisk helse blant ungdom.
- oppretthalde dagens omsorgsområder/sjuke–heim lokasjonar.

Bli med på laget!

Scan QR koden for å bli medlem



Levekår

Me ønskjer å oppretthalde dagens skulestruktur, og leggje til rette for gode oppvekstvilkår for born og unge i heile kommunen.

Me vil gi dei eldre ei meningsfull pensjonstid og nytte deira kunnskap og erfaringar til å styrke kommunen som eit moderne lokalsamfunn.

Me vil at småbarnsfamiliane skal gis trygge og forutsigbare rammer med gode utviklings–moglegheiter.

Kyrkje, kultur og fritid

FrP vil

- at kommunen skal stille kommunen sine areal og byggverk til disposisjon etter behov
- sørge for forsvarleg drift og vedlikehald av kyrkjene i kommunen
- arbeide for lettare tilgang til sjø gjennom fellesanlegg
- støtte arbeidet for meir treningsflate for andre idrettar enn fotball for å auke fritidstil–bodet for born og ungdom

Miljø og klima

FrP støttar tiltaket for rydding av marint søppel i havet og skjergarden kring kommunen vår.

FrP vil

- støtte arbeidet som gir auka kunnskap om marin forsøpling og mikroplast,
- arbeide saman med havbruksnæringa for å sikre minst mogeleg miljøavtrykk.